

- du finn oss i skog,
mark og fjøre, uansett føre!

RØRSTADMARKA BARNEHAGE

ÅRSPLAN DEL 2

KALENDERPLAN 2026-2027

INNLEIING

INNHALD

- Innleiing s. 2
- Bursdagsfeiring og dagsrytme s. 3
- Personal s. 4
- Barnegrupper s. 5
- Hovudtema s. 6 - 7
- Metodiske opplegg s. 8
- Marihøna s. 9
- Humla s. 10
- Bikuba s. 11
- Kalenderdel s. 12 - 37
- Overgangar s. 38
- Barnehagerute s. 39
- Progresjon i barns utvikling s. 40

KALENDERPLAN

Årsplan del 1, frå A til Å, inneheld informasjon som ikkje endrast frå det eine året til det neste. Årsplan del 2 er utforma som ein kalender og kjem ut i ny utgåve kvart barnehageår. Informasjon om barnehagen og avdelingane er fremst. Kvar månad står det litt generelt om temaet vi jobbar med. Årsplanen må sjåast i samanheng med informasjon på vår digitale plattform på Kidplan. Der legg gruppene ut eigen periodeplan når det blir nytt tema, og dei oppdaterte vekeplanane vil ligge der. I kalenderdelen til årsplanen har vi lagt inn det vi kjenner til om fridagar, planleggingsdagar, felles arrangement, bursdagar osv.

E-POST OG TELEFON

Kidplan er vår primære kommunikasjonsplattform med føresette, utanom den daglege kontakta i garderoben. Der sender vi mellom anna ut diverse informasjon, innkalling til foreldresamtalar, push-varsel på planar og bilder vi har lagt ut. Det er derfor viktig at barnehagen har rett e-postadresse og telefonnummer til føresette. Faktura for barnehageplass blir også sendt ut med e-post.

Rørstadmarka barnehage SA
Rørstadmarka 25, 6035 FISKARSTRAND

Tlf: 70 19 40 50

Kontoret: tast 1

Marihøna: tast 2 (469 17 387)

Bikuba: tast 3 (468 66 215)

Humla: tast 4 (468 99 479)

Førskulegruppa: tast 5 (468 45 762)

E-post: post@rorstadmarka-barnehage.no

Nettside: <http://rorstadmarka.barnehage.no>

Følg oss på Facebook!



**Barnehagen er medlem av PBL,
Private Barnehagers Landsforbund**

BURSDAGSFEIRING

Bursdagane blir feira på barnet si gruppe.

Vi flaggar for barnet og heng ut bursdagslapp på ytterdøra. I forkant av dagen får barnet lage seg bursdagskrone og får velje kva mat vi skal ha den dagen. Da kan dei velje mellom:

- Grønsaker og dip
- Frukt med vaniljekesam
- Grønsaksuppe med brød
- Tomatsuppe med brød og evt. egg
- Havregrynsgraut
- Smoothie

Barnet får velje sjølv kva vi skal gjere på i bursdagssamlinga. Det kan vere ein lek, lese favoritt boka/eventyret, ha songsamling og liknande. Barnet får sitte i bursdagsstolen med bursdagskrone, vi syng bursdagsong og vi koser oss med god og sunn bursdagsmat. På Marihøna blir val av bursdagsmat gjort i lag med foreldra.

Desse symbola blir brukt i kalenderen når eit av barna har bursdag:



Når vi serverer frukt og grønt til barna bør halvparten vere grønsaker, den andre halvparten frukt eller bær.

DAGSRYTME

06.30/06.45	Barnehagen opnar. Vi et frukost og leikar
09.00	Frukost er ferdig
09.30-14.00	Gruppedeling og tilrettelagte aktivitetar (sjå vekeplan) og lunsj.
Ca 14.00	Lett måltid inkludert frukt Frileik inne og ute
16.30	Barnehagen stenger
Åpningstida justerast etter meldt behov. Dagsrytma kan sjåast som eit rettleiande verktøy i planlegginga vår. Sjå kalender i Kidplan for dagsrytma som gjeld dei ulike gruppene/avdelingane.	

FRUKT OG GRØNT

Rammeplan for barnehagen seier at vanar og handlingsmønster tek form allereie frå tidleg alder. Helsedirektoratet skriv i sine anbefalingar for mat i barnehagen at det bør serverast grønsaker og frukt eller bær kvar dag. Vi serverer oppkutta grønsaker og frukt til lunsj og ettermiddagsmåltid. Vi anbefalar foreldre å legge ved litt frukt og grønt til barna som har med eigen frukost.

PERSONALET

MARIHØNA

HUMLA

BIKUBA

KONTORET

ANNE

SOFIE

REBEKKA

KRISTIN

ANCA

PEDAGOG

JORUNN

EILÈN

LINDA

ELIN

NYTILSETT

WENCHE

STINE

HELENE



Faste vikarar og studentar som skal vere i barnehagen vil bli presentert med oppslag på avdelinga.

BARNEGRUPPENE

MARIHØNA

ELLIOTT
OSCAR
LISA
EMMA
LAILA
MARKO
EDEL
SUNNIVA
JOSEFINE
LOVISE
THEODOR
PAUL



HUMLA

NOAH
MARIELLA
THOMAS
ANAIHA
ASKILD
HENRIK
HAILEY



SAMUEL
SEBASTIAN
EMILIE
ANNA
ESKIL
ASLAK
LUNA
ELISA
PETER
NELLY



BIKUBA

LYDER
AGNES
EMMA ANDREA
OLIVER
NEITAS
JOHANNES
LUKA
ANN MARIE
MILLIE
NORA
LOUIE
OLINE
HELENE
ALEAH


MARIUS
ANDREJ
FREDRIK
VINCENZO
ELLA
SARA
INE
KORNELIA
ALVILDE
ADA



SPRÅK OG SPRÅKUTVIKLING

Med eit auka fokus på barns leseferdigheiter jobbar Sula oppvekst på tvers av alle einingar med å styrke personalets kunnskap om språk og utviklinga av det. I vår kommune ser vi heilheitleg på barnet frå baby (helsestasjon), småbarn i barnehage, skule og fritid, og vil med ein felles utarbeidd språkplan sikre at sulabarna får eit heilheitleg møte med språk og tileigninga av det.

Tema for hausten i dette felles utviklingsarbeidet i Sula er *skriving*. Vi veit at talespråklege ferdigheiter har stor betydning for utvikling av lesing, skriving og vidare skriftspråkutvikling (Godøy og Monsrud, 2008). Tileigna språk og ordforråd i barnehagealder har stor betydning for barnets vidare språklege utvikling. Derfor skal vi halde fram med å ha stort fokus på høgtlesing av bøker for barna, vaksne som språklege modellar, bruk av rim og regler.



Før barna er klare til opplæring i skriving (og lesing og rekning) er det mange grunnleggande kognitive og motoriske ferdigheiter barna må ha tileigna seg – det skjer i **barnehagealder**. I barnehagen har vi mykje lek, kos og moro. Det brukar vi aktivt i vårt daglege samspel med barna når vi jobbar med reflekser, sansar, motorikk, hørsel og syn. Kvar månad har vi litt ekstra fokus på eit motorisk område.

Barnet er fødd med livsviktige primitive refleksar som å suge og puste, medan posturale refleksar (automatiske, ubevisste muskel-bevegelsar) oppstår etterkvart. Synet, balansenerven og muskel - og leddsans er i tett samarbeid i denne utviklinga. Ulike sansar skal utvikle seg, og i barnets motoriske utvikling er det også mykje som skal på plass før eit barn er «skulemodent». På barnehagen held vi på med aktivitetar kvar dag der barna trenar på dette.

Motoriske ferdigheiter vi øver på i barnehagen:

Sansar: Disse, snurre, ake (vestibulære system), kjenne igjen mønster, legge puslespel (visuell trening), lytte ut «naturlege» lydar (eks. helikopter) (auditiv trening), lære å kjenne ulike luktar, smakar, bruke hender og kropp til å hente informasjon (taktil sans), m.m.

Motorikk: Hoppe, springe, klatre, sykle (grovmotorikk), perle, veve, tegne (finmotorikk), tampen brenner (romoppfatning), spa sand opp i bøtta (auge-hand-koordinasjon), gå i ulendt terreng (auge-fot-koordinasjon), lage snø-engel, leiken «stiv heks», halde på med risikofyllt lek som aking og klatring (kroppsbewisstheit), m.m.

Hørsel: Seie rim og regler, synge sangar (lyd og uttale), lese bok (språkforståing), lyd-lotto (auditativ hukommelse), forstå lydar ein ikkje ser, eks. ei dør blir åpna— kven kjem? (auditativ forståing), m.m.

Syn: Perle (visuelle mønster), spele bilde-lotto gjenfortelle (visuell hukommelse), finne figurar i skyene (visuell assosiasjon), studere bileter i t.d. bøker (skjelne synsintrykk), spel som Villkatten (visuell utholdenheit), m.m.

FUGLAR

Som eit felles, samlande tema for heile barnehagen gjennom barnehageåret skal vi i år sjå nærmare på FUGLAR. Trekkfuglar, rovfuglar, fuglesong, fjørdrakt, fuglereir, fuglemat, fugleleik og fleire andre aktuelle fugletema. Dei ulike gruppene vil gå litt ulikt inn i temaet



og tilpasse det til alder og interesse. Temaet «fuglar» blir tilpassa naturlege tema som kjem gjennom året, og nokre vil gå djupare inn i det enn andre.

Til påske har vi brukt å legge hønseegg i barnehagen si rugekasse. Kyllingane som blir klekka er små, lette, har litt skarpe klør, dei er mjuke og pip skikkeleg høgt. Med alle sansar vidåpne skjer det mykje utvikling hos barnet. Det visuelle, fysiske og auditive møtet med begrepet styrkar den språklege stimuleringa.

Det gir også ei fin anledning til å gjenkalle (hugsar du...) og trekke parallellar til andre områder. Det kan vere egg i butikken, egg i naturen (både fugl og frosk) eller sosiale forhold som familie (kven er foreldra til desse kyllingane?).



Barna som har gått i barnehagen vår nokre år møter igjen temaet kvart år, hugsar frå året før og forstår litt meir året etter. Lenge etter at kyllingane er klekka og dei har flytta ut kjem barna inn på kontoret og ser etter rugekassa. Det gir ein fin samtale der vi snakkar om at vi la inn egg, at det kom ut kyllingar og at dei flytta inn i ei anna kasse med varme-lampe. Vi gjenkallar, benemner (set rett ord på) og pratar om kvar kyllingane er i dag.

Med språkutvikling som utviklingsarbeid vil personalet ha fokus på val av bøker og korleis ein sjølv nyttar språket som språkmodell. Under val av bøker ser vi etter relevante bøker om fuglar. Oppdaging av synonym som munn, nebb og trut er med på å auke ordforråd. Det same gjer ein når ein finn ut at like ord kan bety ulike ting – fuglar flyg, og tida flyg.



VI JOBBAR MED

TRAS

Tidleg Registrering Av Språk- utvikling - i dagleg samspel

Som fleire barnehagar i Sula kommune, brukar vi ved behov eit kartleggingsmateriale som skal auke kunnskapen rundt barna si språklege utvikling, samt bidra til at barn som strevar med språkutviklinga blir registrert og får hjelp på eit tidleg tidspunkt.

Utarbeidd av: Bredtvet kompetansesenter.

ALLE MED

Dette er eit observasjonsskjema som gir eit heilskapleg bilde av kva barnet meistarar. *Alle med* dekkjer seks utviklingsområde: leik, trivsel, kvardagsaktivitetar, sansemotorisk utvikling, språk og sosio/emosjonell utvikling. Dette er eit observasjonsmateriale som følger barnet frå 1-6 år og som er til hjelp for personalet i det pedagogiske planleggingsarbeidet.

BARNEMAPPE

Kvart barn får si eiga barnemappe når dei startar i barnehagen. I denne vil vi samle bilete, teikningar, meistringar og opplevingar som barnet har hatt i barnehagen. Dette gjer vi for å kvalitetssikre og dokumentere arbeidet vårt i barnehagen. Barnet får den med heim når det sluttar i barnehagen.

MOTO

MoTorisk leik og læring i barnehagen


For kvar månad gjennom året har vi fokus på ulike sansemotoriske områder, med aktivitetskort utarbeidd av fysio- og ergoterapeut i Sula i samarbeid med Molvær barnehage. Områda skal sikre at heile kroppen blir med, aktivitetane på korta gjer at vi øver på nødvendige ferdigheiter. Månadens MoTo-tema står øvst på kalenderdelen i årsplanen.

LIVET & SÅNN



Barnehagane, skulane, PPT og helsestasjon i Sula kommune møter dei same barna og jobbar i fellesskap med å gi dei språk og verktøy til å meistre livet og dei utfordringane dei kan møte. Livet & sånn er eit gratis opplæringsmateriale for folkehelse og livsmeistring, utarbeidd av Ålesund kommune med støtte frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

Livet & sånn er tilrettelagt for barnehagealder og alle klassetrinna ut grunnskulen. På nettsida www.livetogsann.no er det tilgjengelege ressursar for barna, heimen og tilsette. Med fokus på følelsar får vi lære om ulike følelsar, korleis dei kjennest ut i kroppen, kva eg skal med følelsar, korleis eg kan handtere dei og kva dei vil fortelje meg.



MARIHØNA

BARNA:

Elliott

Oscar

Lisa

Emma

Laila

Marko

Edel

Sunniva

Josefine

Lovise


Theodor

Paul

«Omsorg og tryggleik, ein god start på Marihøna»

På Marihøna finn vi dei minste barna i barnehagen. Mange barn og foreldre møter barnehagelivet for første gong, noko som kan vere litt skummelt. Omsorg og tryggleik står i fokus her, og dei vaksne er mykje på golvet i lag med barna der vi leikar. Vi jobbar for at barna skal bli trygge, og då er det viktig at vi er tilgjengelege der dei er. Vi har fokus på gode rutiner og forutsigbarheit. Eit godt samarbeid med foreldra er særskild viktig for at vi skal kunne ivareta barnet på best mogleg måte. Vår oppgåve her med dei yngste blir å skape trygge rammer for barn og foreldre, og skape eit godt og inkluderande miljø for alle.

I år som i fjor skal vi å ha fokus på språk og språkutvikling som overordna tema i barnehagen, og fuglar som eit gjennomgåande tema. Vi beveger oss frå å fokusere på leseglede, til å rette fokus mot skriving. I barnehagen legg vi ikkje vekt på skriftspråket slik skulane gjer, men lar dei få eksperimentere med teikning, maling og etter kvart på det vi kallar leikeskriving. Det viktige er å motivere barna til teikning og få blyanten til å lage strekar, samt å setje av tid til utforsking og utprøving. Her på Marihøna vil vi legge til rette for dette ved å la barna få teikne og male mykje, henge opp og vise fram det dei lagar, og la dei kjenne meistring og motivasjon til å fortsette.



Barna er i ein alder der dei lærer nye ting heile tida, både språkleg, motorisk og sosialt. Vi ser i bøker, fortel eventyr og bruker språket aktivt i lag med barna. I leiken øver vi på å dele, og det å vente på tur. I det daglege øver vi også på sjølvstendigheit saman med barnet. Barn likar å prøve sjølv og blir glad og stolt når dei meistrar.

BARNA:

Samuel

Sebastian

Emilie

Anna

Eskil

Aslak

Luna

Elisa

Peter

Nelly

Noah

Mariella

Thomas

Anaiah

Askild

Henrik

Hailey

HUMLA

«Alle skal ha ein venn»

Med ny gruppesamansetning vil vi bruke tid i starten til å bli godt kjent og finne gode rutiner som passar for oss. Målet vårt er at alle barna skal ha fine, gode dagar i barnehagen og at alle skal få kjenne på gleden av å ha ein venn.

Dette året vil vi ha særleg fokus på skriftspråk og korleis dei yngste barna møter språk og kommunikasjon i kvardagen. For denne aldersgruppa handlar skriftspråk om meir enn bokstavar og ord – det handlar om å utvikle grunnleggjande erfaringar som seinare blir viktige for lesing og skriving. Vi vil derfor arbeide med språk gjennom songar, rim, reglar, høgtlesing, bilete, kroppsspråk og gode samtalar i kvardagen.

Finmotorisk utvikling vil òg ha ein viktig plass i arbeidet vårt. Gjennom aktivitetar som teikning, måling, perling, bygging, lek med ulike materiale og utforsking med hendene får barna øve på grep, koordinasjon og rørsler som seinare vil vere viktige i møte med skriftspråket. Vi ønskjer å gi barna varierte erfaringar som styrkjer både meistringskjensle, nysgjerrigheit og skaparglede.

Eit anna hovudtema dette året er fuglar. Saman skal vi undre oss over fuglane vi ser i nærmiljøet, lytte til fuglesong og utforske naturen rundt oss. Gjennom turar, bøker, songar og kreative aktivitetar vil barna få oppleve fuglar på ein leikande og sanseleg måte.

Vi vil òg ha stort fokus på å byggje gode relasjonar mellom barna. Dei yngste barna lærer og utviklar seg i samspel med andre, og vi ønskjer å leggje til rette for trygge møte, felles opplevingar og gode vennskap. Gjennom lek, nærverande vaksne og små fellesskap ønskjer vi å skape ein kvardag der alle barn opplever tilhøyrslø, glede og tryggleik.



BARNA:

«BIENE»

Lyder

Agnes

Emma Andrea

Oliver

Neitas

Johannes

Luka

Ann Marie

Millie

Nora

Louie

Oline

Helene

Aleah

BIKUBA

«Eg høyrer og gløymer, eg ser og hugsar, eg gjer og forstår»

Temaet vårt for dette året, språk og språkutvikling, er eit rikt og omfattande tema som vi på Bikuba skal jobbe mykje med. Høgtlesing av bøker og eventyr er nærast «daglegdags» i barnehagen, og med det åleine kan vi boltre oss i språk og språkutvikling! Men språk er også skriftspråk, rytme, rim, regler, song, former, lydar og mykje meir. Barna øver seg på å lytte til andre, dei øver seg på å vente på tur, dei kommuniserer med kvarandre og kan føre ein samtale. Dette krev mykje øving for å få til, difor er øving og gode læringsarenaer viktig.

I tillegg til språktemaet skal vi ha tema «fuglar» gjennom heile året. Vi skal studere fuglar, lytte etter ulike fuglesongar, ha formingsaktiviteter knytt til fuglar og i løpet av året vil vi nok også bidra til at fuglane får noko å spise.



BARNA:

FØRSKULE- GJENGEN:

Marius

Andrej

Fredrik

Vincenzo

Ella

Sara

Ine

Kornelia

Alvilde

Ada

Det blir nokre aktivitetar som blir berre for førskulegjengen i løpet av året. Det er mellom anna julevandring, påskevandring og samarbeid med andre barnehagar og skule med tanke på overgang til skule.

Ein dag i veka vil førskulegjengen ha skoggruppe. Dagen ser da slik ut: Samling, påkledning, pakke sekk og gå tur i nærmiljøet. Når vi kjem tilbake til barnehagen skal vi gjenfortelje kva vi har gjort på, lage ei felles historie som vi skriv ned og alle skal få teikne i boka si.

Leiken har ein sentral plass i barnehagen og i kvardagen legg vi til rette for både fri og tilrettelagt leik. Leiken er ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Vi skal inspirere til og gi rom for ulike typar leik, både inne og ute.

AUGUST

TILVENNING OG OPPSTART

I august startar vi opp med nytt barnehageår. Fleire av barna byter avdeling og skal bli betre kjent med «nye» barn og ansatte. Andre barn er heilt ferske i Rørstadmarka og fleire begynner i barnehage for første gong. Alle barn er ulike, og medan nokre er klar for det nye spennande livet ganske raskt, er det andre som kan styre si begeistring. Begge deler er heilt vanleg. Personalet har ansvar for å legge til rette for ein god start, og det viktigaste stikkordet i denne fasa er tryggleik. Vi ønsker at den første tida skal vere prega av rutinar, ro og forutsigbarheit.

Det er du som føresett som er den viktigaste premissleverandøren til barnet ditt når det gjeld tryggleik. Dersom du er roleg og positivt innstilt til barnehagen, vil det gjerne smitte over på barnet. Om du er nølande ved avskjed, eller usikker på situasjonen sjølv, vil barnet truleg fange opp dette.

Fokus denne månaden vil vere å bli trygg nok på si eiga avdeling til at avskjeden med foreldra går fint. Barna vil knyte nye relasjonar og bli kjent med nye barn og vaksne.

“FUGLAR SOM TEMA”

I august er fuglelivet i Norge i ei intens overgangsfase frå hekkesesong, til hausttrekk. Dei fleste fugleungane har forlatt reiret, og fuglane førebur seg på vinteren ved å spise seg opp, skifte fjær for å ruste seg eller starte reisa si sørover. I barnehagen har vi mykje av småfuglar som gråspurv, grønnfink, raudstrupe, kjøttmeis og svarttrost som held til i skogen på baksida av barnehagen. Sjølv om det bugnar av insekt, ugrasfrø, frukt og bær, kan mating allereie no hjelpe fuglane til å halde seg friske og sterke gjennom vinteren. Vi gler oss til å få følge ulike fuglar gjennom året, og få sjå korleis dei følger naturen si rytme.

VELKOMMENSANGEN

(Siri) er her,

Og (Arne) er her

Takk og pris for at (Tone) er her

I vår lille ring, har vi (Rune) også her.

Og (Stine) er her det er bra.

Hipp hurra



August 2026



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
31						1 Kornelia 5 år! 	2
32	3	4	5	6	7	8 Lovise 1 år!  Elliott 2 år! 	9
33	10	11	12	13 Planleggingsdag for personalet, barnehagen stengt	14	15	16
34	17 Alvide 5 år! 	18 Luka 4 år! 	19	20	21	22	23
35/36	24/31	25 Theodor 1 år! 	26	27	28	29	30

SEPTEMBER

MoTo: Månadens bevegelse er grunnleggande aktivitet

«BRANNVERN»

I september ønsker vi å bruke tid på temaet brannvern. Målet er å sette brannsikkerheit i fokus og bidra til at barna får gode haldningar rundt brannvern. Vi held alltid varsla brannøving i september. Då lyttar vi til alarmen og øver oss på å gå roleg ut til samlingspunktet vårt framfor barnehagen.

Når vi snakkar om brannsikkerheit kjem vi ikkje utanom å nemne Bjørnis. Han er ein figur dei fleste kjenner og som vi snakkar mykje om i barnehagen. Vi dansar og syng med til den fine musikken hans, og kanskje er vi så heldige at han kjem innom på besøk ein dag?



«ROVFUGLAR»

Ein rovfugl er ein kjøttetande fugl som lev av å jakte på, drepe eller ete andre dyr. Dei er spesialiserte jegerar i toppen av næringskjeda og delast gjerne inn i dagaktive rovfuglar (som ørner, haukar og falkar) og nattaktive rovfuglar (ugler). Rovfuglane har eit skarpt og kraftig nebb, kraftige klør og godt syn.

Vi treng rovfuglane fordi dei regulerer bestanden av smågnagarar. Rovfuglar jaktar ofte på dei svakaste, treigaste eller sjuke byttedyra. Dette forhindrar at epidemiar spreier seg i naturen. Ved å jakte mus, rotte og andre smågnagarar, hjelp dei til med å halde bestandar i sjakk, noko som og beskyttar landbruk og skog.

I barnehagen skal vi sjå nærmare på kva for rovfuglar vi kan finne i vårt nærmiljø. Studere bilete av disse og lære litt meir om dei: Kor store er dei, kvar bur dei, når jaktar dei? Det er mykje å lære for nysgjerrige små barn.

Bæ-bu-sangen

mel: Når dine ører henger ned,

tekst: Nina Maaø-Ruden & Anne-Lise Borgen

En brann er ikke tull

Du må ringe 1-1-0

Liten glo blir fort til flamme

Du må ringe med det samme

Så før brannen står for full,

og du mister gods og gull

Må du ringe 1-1-0

Har du fått en tyv på do

Må du ringe 1-1-2

Er noen veldig slem mot deg

Må du ringe i en fei

Er det noen der mon tro

som prøver stjele no

Må du ringe 1-1-2

Har du veldig vondt et sted

Må du ringe 1-1-3

Hvis et liv kan gå tapt

Må du ringe veldig kjapt

Har du falt ned fra et tre

Slått et hull i ditt kne

Må du ringe 1-1-3

En brann er ikke tull,

du må ringe 1-1-0

Har du fått en tyv på do


Må du ringe 1-1-2

Har du veldig vondt et sted

Må du ringe 1-1-3

Det er lett å huske det!

September 2026



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
36		1	2	3	4	5	6 Hailey 2 år! 
37	7	8	9 Paul 1 år! 	10	11	12	13
38	14	15 Emilie 3 år! 	16	17	18	19	20
39	21	22	23	24	25	26	27
40	28	29 Ann Marie 4 år! 	30 Oscar 2 år! 				

OKTOBER

MoTo: Månadens bevegelse er kinetisk sans og auge-hand trening

«HAUST»



Naturen førebur seg til vinter. Vi ser vakre fargar, høyrer på knitringa frå lauv når vi spring ute, luktar på den skarpe lufta og jobbar med mange konsistensar når vi lagar sølekaker. Vi kjenner på gleda ved å hoppe i sølepyttar og ubehaget av å verte våt. Vi lagar vakre kunstverk av naturmateriale og er kreative saman.

På hausten er det lang tradisjon i barnehagen for ein felles hausttur. Då går nesten heile barnehagen, med unntak av dei aller yngste, på tur i skogen. Førskulegjengen har hovudansvar for turen og hjelp til med å bere ved og utstyr til turmålet. Vi tenn bål, griller pølser og leikar oss før vi går tilbake til barnehagen.

«TREKKFUGLAR»

Når hausten tek til vert det mindre dagslys, temperaturen synk og tilgangen på mat og vatn for fuglane vert mindre. Fuglar som lev på vatnet får dårlegare levekår når elvar, vatn og sjø fryr til is. Snø og frost gjer det vanskelegare å finne mat, og mindre dagslys gir færre timar til matsanking. Standfuglane er flittige og hamstrar mat for å klare seg gjennom vinteren, eller endrar kosthald, medan trekkfuglane flyg sørover. I barnehagen skal vi lære meir om trekkfuglar som vi kan sjå i vårt nærområde, som til dømes svarttrosten og tjelden.



Tjeld og svarttrost (hann)



Oktober 2026



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
40				1	2	3	4
41	5	6	7 Planleggingsdag for personalet, barnehagen stengt	8	9	10	11 Anna 3 år! 
42	12	13	14	15 Millie 4 år! 	16	17 Eskil 3 år! 	18
43	19	20	21	22	23 Aslak 3 år! Ada 5 år! 	24	25
44	26	27	28	29	30	31 Barnehagen 23 år!	

NOVEMBER

MoTo: Månadens bevegelse er berøringssans

«LIVET OG SÅNN»

Når hausten går mot vinter, skjer det mange små og store endringar rundt oss. Dagane vert kortare, lufta kaldare og naturen endrar seg. Saman med barna skal vi undre oss over livet i naturen på denne årstida – kva skjer med dyra, fuglane og plantane når vinteren nærmar seg? Kven søv, kven reiser bort og kven blir verande?

Gjennom turar, leik, samtalar og skapande aktivitetar får barna bruke sansane sine, stille spørsmål og oppleve naturen tett på. Samstundes byrjar vi så smått å førebu oss til advent og desember gjennom songar, forteljingar, lys, skaparglede og små førjulsstunder saman. Vi ønsker å gi rom for undring, glede og gode opplevingar i ei stemningsfull tid der fellesskap, natur og førjulsmagi får stå i sentrum. Spenning og utolmodigheit er også følelsar vi kan kjenne på i denne tida. I «livet og sånn» pratar vi om korleis følelsar kjennast ut, kan sjå ut, og kva den kan fortelje oss.

«FJØR OG MYTING»



Som den einaste dyregruppa i verda, har fuglar fjør. Vi skil mellom ulike typar fjør og desse har fleire viktige funksjonar for fuglane. Fjørdrakta bidrar til varmeisolering, flyging, beskyttelse, kamuflasje, kommunikasjon og sansing. Etter ei stund vert fjøra til fuglane utslitt og alle fuglar driv derfor med myting minst ein gong i året. Då byter fuglane ut slitte fjør med nye. Nokre gjer det gradvis, medan andre artar mister all fjøra si på ein gong. Dette er ein energikrevande, men livsviktig prosess for fuglane for å oppretthalde flygeevne og god nok isolasjon. Veit de at kjøttmeis har om lag 2000 fjør på kroppen, medan ei ørn kan ha over 7000? Og kva betyr det eigentleg å vere lett som ei fjør?



Følelsar har som jobb å varsle oss om kva som er viktig for oss, om situasjonar som er farlege, om korleis vi har det her og no og om kva behov vi har.

Alle følelsar kjem med eit uttrykk, ein kroppsleg reaksjon, ein beskjed og eit behov. Viss vi skal kunne forstå beskjedane og møte behova på ein smart måte, er det lurt å vite noko om korleis dei ulike følelsane kjennes, kva dei vil fortelje oss og kva som gjorde at dei dukka opp.

Henta frå www.livetogsann.no



November 2026



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
44							1
45	2	3	4	5	6	7	8
46	9 Luna 3 år! 	10 Elisa 3 år! 	11	12 Nora 4 år! 	13	14	15
47	16	17	18	19	20	21	22
48/49	23/30	24	25	26	27 Lisa 2 år! 	28	29 Emma 2 år! 

DESEMBER

MoTo: Månadens bevegelse er hørselssans og finmotorikk

«JUL - TRADISJON»

Desember er ei tid fylt med forventning, fellesskap og tradisjonar. I

Rørstadmarka barnehage ønsker vi å skape ei roleg og koseleg adventstid der barna får oppleve glede gjennom song, forteljingar, skapande aktivitetar og samvær med kvarandre. Vi har mellom anna lang tradisjon for felles adventsamlingar. Dei ulike avdelingane har ansvar for kvar si samlingsstund med tema som advent, Lucia, nissar og juleevangeliet. Elles i desember har avdelingane eigne adventsamlingar med høgtlesing, eller sansekalender. Vi bakar og smakar og har Luciafest og nissefest. Sjølv om dagane er korte, er dei absolutt fulle av innhald!



*No tenner vi det første lys,
aleine må det stå.
Vi ventar på det vesle barn
i krubba lagt på strå.*

*No tenner vi det andre lys,
dei står der stilt og skin.
Vi ventar på at Gud, vår Far,
vil senda Sonen sin.*

*No tenner vi det tredje lys,
det er eit heilagt tal.
Vi ventar på at Kongen vår
skal fødest i ein stall.*

*No tenner vi det fjerde lys
og natta vert til dag.
Vi ventar på ein Frelsarmann
for alle folkeslag.*

«FUGLEMATING»

Desember er ein fin månad å bruke på ettertanke og omsorg for andre. Vi lærer om kor viktig det er å ta vare på dyra rundt oss, og barna får oppleve gleda ved å hjelpe. Når kulda kjem og snøen legg seg, vert det vanskelegare for småfuglane å finne mat. Vi skal derfor lage fuglemat og henge ut til fuglane i nærmiljøet vårt. Då må vi finne ut kva fuglane likar å ete. Kanskje kan vi henge ut ulike typar mat og forske på kva dei likar aller best? Gjennom vindauge og på tur kan vi studere dei ulike artane som vi ser, og vi vonar vi får mange fine samtalar saman med barna om fuglar og mat.



Dompap, ho og han

Desember 2026



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
49		1	2	3	4	5	6
50	7	8 Louie 4 år! 	9	10	11	12	13
51	14	15	16	17 Peter 3 år! 	18	19	20
52	21 Nelly 3 år! 	22	23	24 Julaftan, barnehagen stengt	25 1. juledag, barnehagen stengt	26 2.juledag	27
53	28 Barnehagen stengt	29 Barnehagen stengt	30 Barnehagen stengt	31 Nyttårsaftan, barnehagen stengt			

JANUAR

MoTo: Månadens bevegelse er balansesans

«VINTER»

Januar byr som oftast på kulde, snø og kaldt vær som igjen kan gi barna mange nye erfaringar og aktivitetar dei kan finne på. Å smake på den første snøen, lage snømann og kanskje til og med vasse i høg snø kan vere ei oppleving! Om snøen lavar ned frå himmelen, kan det vere magisk å sjå flaka kome seglande og lande på nasetippen. Eller kva med å prøve å fange den med tunga? Bøtter fylt med snø kan brukast til å forme ei borg, ei hule eller lage ei snølykt. Mykje snø i akebakken byr på høg fart og spenning, men byr også på utfordringar når ein skal klatre seg opp att til toppen. Litt risikofylt leik og utfordringar for små og store, men verkeleg ei oppleving som kan gje meistringsglede og noke å fortelle om heime!



«SPOR OG OBSERVASJON»

Klarer vi å sjå spor etter fuglane? Kan vi sjå spor av kvar dei har spist eller gått på do, eller hoppa rundt på bakken? Vi kan nok med sikkerheit finne spor under matstasjonane på barnehagen. Det kan vere restar av frø og nøtter dei har fått servert av oss. Kanskje kan vi finne fuglespor i nysnøen, eller finne spettesmier etter ei spettmeis? Og tenk kor stilig dersom vi finn restar av eit gammalt reir!



spettmeis

Januar 2027



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
53					1 1. nyttårsdag, barnehagen stengt	2	3 Marius 6 år! 
1	4 Planleggingsdag for personalet, barnehagen stengt	5	6	7 Andrej 6 år! 	8	9	10
2	11 Laila 2 år!  Noah 3 år! 	12	13	14	15	16	17
3	18	19	20	21	22	23	24
4	25	26 Lyder 5 år! 	27	28	29	30	31

FEBRUAR

MoTo: Månadens bevegelse er koordinasjon



“KARNEVAL”

Februar er månaden då vi har tradisjon for å arrangere vårt årlege karneval i barnehagen. Avdelingane pyntast litt etter litt og barna brukar å få vere med å lage både pynt og kostymer dei kan bruke på sjølve karnevalsdagen. Den kreative prosessen kan by på mange erfaringar og læringsarenaer.

Formingsaktivitetar med ulike materiale som til dømes måling, klipping, liming og mykje anna, kan bidra til meistringsfølelse og skaparglede.

På sjølve karnevalsdagen blir det laga mange aktiviteter barna kan velje mellom på alle avdelingane, det blir god mat og piñata med ei lita overrasking inni til alle barna.

Piñata-ropet vi brukar er: «Slå, slå, bare slå! Katta ut av sekken nå! SLÅ!»

“ULIKE DRAKTER—HAN OG HO”

Fuglane har nesten på seg ulike drakter dei og. Stort sett kan ein sjå på fuglane kven som er hann- og hofuglen av eit par. Hannfuglane er som oftast den som har finaste fargane og «drakt» på seg, medan hofuglane ofte har fargar som ikkje er like fine. Kvifor er det slik eigentleg? Er det fordi hannfuglen er mest oppteken av fargar? Eller er hofuglen fargeblind? Eller er det fordi hofuglen ikkje vil bli så godt sett av andre fuglar?

Nokre fuglar skiftar og farge etter årstid, medan andre ser lik ut heile tida og vi skal nok klare å finne eksempel på begge deler.



Samanes nasjonaldag:

6. februar er det samanes nasjonaldag. I Rørstadmarka barnehage markerer vi dagen med felles samling og god mat. Vi ønsker å la barna få bli kjend med samisk kultur og verdsette mangfald.



Stokkand, ho og hann

Februar 2027



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
5	1	2	3	4	5	6 Samenes nasjonaldag 	7
6	8	9	10	11	12	13	14
7	15 Marko 2 år! 	16	17	18	19	20	21
8	22	23	24	25	26 Mariella 3 år! 	27	28 Fredrik 6 år! 

MARS

MoTo: Månadens bevegelse er stabilitet og balanse

«PÅSKE»

I barnehagen markerer vi påkehøgtida kvart år. Vi har kjekke påskeaktivitetar med ulike formingsaktivitetar, ofte får vi besøk av påkeharen og førskulegruppa blir invitert til påskevandring i kyrkja.

Rett før påske inviterer vi foreldre og søsken til påskefrukost i barnehagen, noko som er veldig koseleg for både store og små. Det store som har blitt ein tradisjon i barnehagen vår, er at vi legg egg i rugekassa. Barna får vere med å legge i egga, og kjenne at rugekassa er varm.

Det at egg kan bli til kyllingar er ikkje til å tru for barna, noko som fører til mange spørsmål: Kvifor er det ulike fargar på egga, og kvifor er ikkje alle kyllingane gule? Barna i barnehagen gjer seg mange erfaringar, og mange av barna hugsar rugekassa frå året før når vi finn den fram. Dei pratar om kyllingane lenge etter at dei har flytta ut, og ekstra gøy er det når vi kan besøke kyllingane når dei har blitt vaksne høner. Vi følgjer barna i slike refleksjonar og tenker at prosjektet kan ha større betydning enn akkurat her og no.

«TREKKFUGLANE KJEM TILBAKE»

Dei første trekkfuglane kjem no tilbake til Norge. Nokre av dei har vore i England eller Tyskland, andre har reist heile vegen frå Afrika! Vi lurar på korleis fuglane kan få til å flyge så langt, og korleis dei finn vegen. Og kvifor vil dei tilbake hit akkurat no? Vi lurar på om vi kan greie å kjenne igjen nokon av trekkfuglane, kanskje vi kan sjå nokon av dei når vi går på tur i fjæra, eller i krattskogen bak barnehagen.

*En liten kylling i egget lå.
Den banket og banket og banket
på.*

*Her er så trangt, jeg vil ut og gå,
pep den og ynket seg der den lå.
Hakkehakkehakke!*

*Egget det sprakk!
Og et lite hode ut av det stakk.*

*Undrende sto den og tittet på
alt det den ute i verden så.
Solen den varmet og skinte på
marken og fugler og blomster
små.*

*Pip pip den sa,
jeg er så glad.
Trangt det var i egget,
men her er det bra!*



Mars 2027



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
9	1	2	3 Oline 4 år! Samuel 4 år! 	4	5	6	7 Thomas 3 år! 
10	8	9	10	11 Agnes 5 år! 	12	13	14
11	15	16 Emma Andrea 5 år! 	17	18	19	20	21 Anaiah 3 år! 
12	22 Barnehagen stengt	23 Barnehagen stengt	24 Barnehagen stengt	25 Skjærtorsdag, barnehagen stengt	26 Langfredag, barnehagen stengt	27 Påskeaften	28 1. påskedag
13	29 2. påskedag, barnehagen stengt	30	31				

APRIL

MoTo: Månadens bevegelse er kaste/sparke-aktivitet

«VÅR»

April er ein måned prega av forandring og nytt liv i naturen. Det blir lysare, snøen har ofte smelta vekk, og vi kan sjå teikn på at våren er på veg. Barna kan utforske meir ute, og oppdage både blomstrar som spirer, grønne knoppar på trea og fuglar som vender tilbake etter vinteren.

Våren gir oss mange fine moglegheiter til å undre oss saman med barna over livet i naturen og alt som vaknar til liv igjen etter vinteren. Vi er meir ute, og kan utforske nærområdet og skog og mark med naturen i ny «drakt».

«SONG, TERRITORIUM OG REIRBYGGING»

Om våren blir det meir liv og lyd ute i naturen. Fuglane syng for å finne seg ein make og for å vise at området dei held til i er deira territorium. Fuglesongen er difor ekstra tydeleg på denne tida av året.

Bygging av reir er viktig for fuglane no. Nokre hannfuglar bygger reir aleine, og så håper dei at hofuglane vil flytte inn i deira reir, medan andre bygg reir i lag. For å bygge reira treng dei kvistar, gras, mose og litt forskjellig. Dei ulike artane vil ha reir ulike plassar (ved vatn, i tre, på bakken eller kanskje i ei fuglekasse), reira kan sjå veldig ulike ut og dei kan like ulike materiale. I reira legg dei egg sine, rugar på egg til dei klekkar, og matar dei med passande mat.



*Alle fugler små de er
kommet nå tilbake.
Gjøk og sisik, trost og stær
synger alle dage.*

*Lerka jubler høyt i sky,
ringer våren inn på ny,
frost og snø de måtte fly,
her er sol og glede.*

*Blomster hvite, gule, blå
titter opp av uren,
nikker nå så blidt de små
etter vinterluren.
Skog og mark i grønne skrud
kler seg nå på Herrens bud.
Knopper små de springer ut,
her er sol og glede.*

*Lille søster, lille bror,
kom, så skal vi danse,
plukke blomster så til mor,
mange, mange kranse.
Synge, tralle dagen lang,
kråkestup og bukkesprang.
Takk, o Gud, som enn en gang
gav oss sol og glede!*

April 2027



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
13				1	2	3	4
14	5	6	7	8	9 Planleggingsdag for personalet, barnehagen stengt	10	11
15	12	13	14	15	16	17	18 Edel 2 år! 
16	19	20	21 Oliver 5 år! 	22	23	24	26
17	26 Askild 3 år! 	27	28	29	30		

MAI

MoTo: Månadens bevegelse er hoppeaktivitet

RØRSTADMARKA BARNEHAGE, DET ER VI!

VI SYNGER OG LEIKER, ER ALLTID BLID!

HURRA, HURRA, HURRA!

«UTELEIK OG TRADISJONAR»

Mai er ein måned fylt med liv, glede og felleskap. Dagane blir varmare, naturen er grøn og frodig, og barna får mange fine opplevingar gjennom leik og utforsking ute. Uteleik gir rom for rørsle, fantasi og nysgjerrigheit, samtidig som vi kan oppleve naturen på nært hald.

I mai markerer vi nasjonaldagen vår, 17.mai, med song, flagg og felleskap. Barna skal få ta del i norske tradisjonar og oppleve gleda ved å feire saman. Tradisjonen tru skal vi også i år ha prøve-17.mai i barnehagen, der vi går i tog i nærområdet, finn fram ulike tradisjonsleikar og spis pølser og is.

I mai har vi og fokus på besøk for nye barn som skal starte i barnehagen til hausten. Barn som skal bytte avdeling er på hyppige besøk på sine nye avdelingar. Førskulegjengen har hatt samarbeid med skulen gjennom barnehageåret, og er snart klare for skulestart.


«FUGLEUNGAR»



Rundt oss er det også mykje liv i fugleverda. Mange av fuglane har no fått fugleungar, og foreldra jobbar med å finne mat og passe på dei. Fugleungane veks raskt og lærer etterkvart å klare seg sjølv. Barnehagen har kjøpt inn fuglekasse med kamera i (obs! om vi får den til å virke!!!), så her kan vi følge med på utviklinga om vi skulle vere så heldige at ein fuglefamilie flyttar inn.



Mai 2027



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
17						1 Offentleg høgtidsdag	2
18	3	4 Vincenzo 6 år! 	5	6 Kristi himmelfarts- dag, barnehagen stengt	7 Planleggingsdag for personalet, barnehagen stengt	8	9
19	10 Helene 4 år! 	11	12	13	14	15 Pinseaften	16 Sunniva 2 år! 1. pinsedag 
20	17  Grunnlovsdag! 2. pinsedag, barnehagen stengt	18	19	20	21	22	23
21/22	24/31	25	26	27	28	29	30

JUNI

MoTo: Månadens bevegelse er uteaktivitet

«SKOG, MARK OG FJØRE»

Barnehagen vår har eit kjekt og utfordrande utemiljø som vi nyttar dagleg. Men nokre dagar ønsker vi å sjå og oppleve nærmiljøet, og vi har fleire flotte turmål i nærleiken. Vi har eigen naturleikeplass ved Lømyra. Der har vi gapahuker, bål plass, hengekøye og disser, og der er berg, tre og busker. Denne plassen innbyr til både fysisk leik, skrekkblanda fryd, rolleleik og regelleik.

I tillegg har vi mellom anna Trollskogen, Veddemarka, Gjølavatnet, Raudavatnet, Rullemarka og fjøra i nærmiljøet, med andre ord: fantastiske moglegheiter! Her får vi sjå, føle, lukte og kanskje smake på ting vi ikkje har i barnehagen. I tillegg får ein felles opplevingar i lag med gode venner.



FUGLAR I SKOG, MARK OG FJØRE

I barnehagen har vi god kjennskap til kråker, dei kjem til faste tider og håper å finne ei gjengløynd skorpe eller to. Elles høyrer og ser vi småfuglar, dei får servert mat og vi får studert dei godt når dei spis. Og kanskje er det nokon av dei som har flytta inn i fuglekassa vår? Vi ser også ørn som sirkar over barnehagen før dei flyg mot Sulafjellet.

På tur treff vi fleire artar og på denne tida høyrer vi både hakkespett og gjøk i markane og i skogen. Ved vatna er der ender og går vi til sjøen møter vi truleg ulike måker og hegre. Her er mange ulike fuglar, det handlar om å stoppe opp, studere og lytte.

*Jeg gikk en tur på stien
og søkte skogens ro.
Da hørte jeg fra lien
en gjøk som gol ko-ko.
Ko-ko, ko-ko, ko-ko, ko-ro, ko-ko
Ko-ko, ko-ko, ko-ko, ko-ro, ko-ko.*


*Jeg spurte den hvor mange,
hvor mange år ennå.
Den svarte meg med lange
og klagende ko-ko.
Ko-ko, ko-ko*

*Jeg spurte om dens make
og om dens eget bo.
Den satt der oppå grenen
og kikket ned og lo.
Ko-ko, ko-ko*

*Vi bygger ikke rede,
vi har hjem, vi to.
Fru Spurv er mor til barna
vi galer kun ko-
ko"
Ko-ko, ko-ko....*



Juni 2027



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
22		1	2	3	4	5	6 Ella 6 år! 
23	7	8	9	10	11	12	13
24	14	15	16	17	18	19 Sebastian 4 år! 	20
25	21	22	23	24	25 Neitas 5 år! 	26 Josefine 2 år! 	27
26	28	29	30				

SOMMARTID!

JULI

I juli er det tid for ferieavvikling for store og små i barnehagen. Med færre barn og voksne på huset samarbeidar vi mellom avdelingane.

Desse vekene har vi gjerne felles turar og utflukter, samlingar og aktivitetar. Vi håper på ein varm og fin juli måned, med mykje utetid. Hugs solkrem, solhatt og drikkeflaske!



Melodi: Nøtteliten

*Jeg er en nøtteskrike i et eiketre
spiser nøtter mens jeg kaster skallet ned.
Jeg har mange fine farger:
rosa, svart og blå og hvit
kommer gjerne bort til brettet
for å ta en liten bit.
Jeg er ganske stor, ja større enn en fink.
Men t`å synge er jeg ikke særlig flink.
Jeg skriker bare hese skrik,
d`er derfor navnet mitt er slik.
Jeg heter nøtteskrike
Hei titt titt.*

*Jeg er en liten undulat,
som får så dårlig med mat.
For de jeg bor hos, ja de jeg bor hos,
de er så gjerrige så.*

*De gir meg sild, hver eneste dag,
men det vil jeg ikke ha,
for jeg vil heller, ja mye heller,
ha coca cola og is.*

Juli 2027



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
26				1	2 Johannes 5 år! 	3 Sara 6 år! 	4
27	5	6	7	8	9	10 Henrik 3 år! 	11
28 Bhg = sommar- stengt denne veka	12	13	14	15	16	17 Aleah 4 år! 	18
29 Bhg = sommar- stengt denne veka	19 Ine 6 år! 	20	21	22	23	24	25
30	26	27	28	29	30	31	


A woman wearing a black hoodie, a black cap with a red logo, and glasses is blowing bubbles. She is surrounded by a group of children, some of whom are reaching out to touch the bubbles. The scene is outdoors, with a wooden building and trees in the background. The air is filled with many colorful, iridescent bubbles.

AUGUST

1. august startar det nye barnehageåret. Nye barn fyller plassane til barna som er ferdige med si tid i Rørstadmarka barnehage. I denne tilknytningstida skal barna bli kjent med både dei vaksne som jobbar her og med barna dei skal vere i lag med kvar dag.

Leik og vennskap er viktig, og saman med aktive vaksne har vi fokus på å skape gode relasjonar i lag. Det blir også turar i nærmiljøet til barnehagen.

August 2027



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
30							1
31	2	3	4	5	6	7	8 Elliott 3 år! Lovise 2 år!
32	9	10	11	12	13	14	15
33	16	17	18 Luka 5 år!	19	20	21	22
34/35	23/30	24/31	25 Theodor 2 år!	26	27	28	29

OVERGANGAR

HEIM - BARNEHAGE

Om våren inviterer vi nye barn og foreldre til å kome på besøk her i barnehagen. Da får ein helse på personale, sjå seg rundt i barnehagen og møte andre som skal begynne til hausten.

Når barnet begynner i barnehage skal barnehagen legge til rette for at barnet får ein trygg og god start. Dei første dagane er svært korte, og vi vurderer saman med foreldra kor tid dei kan dra. Det skal skje ei tilknytning mellom det nye barnet, personalet og dei andre barna.

MELLOM AVDELINGAR

Mot slutten av barnehageåret er det klart korleis dei nye barnegruppene kjem til å bli neste barnehageår. Dei barna som skal bytte avdeling, besøker si «nye» avdeling saman med ein vaksen frå si avdeling. Slik får barna tid og rom til å bli betre kjent med andre barn og personale.

BARNEHAGE - SKULE

For å få til ein god overgang frå barnehage til skule har vi eit samarbeid med skulen barna skal begynne på. Det blir arrangert fleire treff der barna får leike i lag med skulebarn, møte vaksne som jobbar der og sjå seg rundt både inne på skulen og bli kjent med skulen sitt uteområde.

I lag med Måseide barnehage har vi mange barn som skal begynne ved Rørstadmarka skule dette året. I samarbeid med skulen lagar vi eit samarbeid gjennom året som skal sikre at barna blir litt kjent med skulen og med dei barna dei skal bli førsteklassingar i lag med. Barn som soknar til andre skular i kommunen får følgje det samarbeidet dei legg opp til med barnehagane.




BARNEHAGERUTE

2026 / 2027

Barnehagane i Sula har fem planleggingsdagar for personalet kvart barnehageår. Desse dagane er barnehagen stengt.

Månad	Merknad
2026	
August	Første dag i nytt barnehageår er torsdag 1. august. Planleggingsdag torsdag 13. august 2026. Barnehagen er stengt på planleggingsdagane.
September	
Oktober	Barnehagen har ope i haustferien veke 41 (5. - 9. oktober) Planleggingsdag onsdag 7. oktober 2026, barnehagen er stengt
November	
Desember	Siste dag i barnehage før jul: onsdag 23. desember. Barnehagen har stengt arbeidsdagane mellom jul og nyttår.
2027	
Januar	Planleggingsdag mandag 4. januar, barnehagen er stengt Første dag i barnehagen etter jul: tirsdag 5. januar
Februar	Barnehagen har ope i vinterferien veke 8 (22. - 26. februar)
Mars	Barnehagen har stengt arbeidsdagane i påskeveke (22. - 24. mars). Første dag etter påske: Tirsdag 30. mars
April	Planleggingsdag fredag 9. april, barnehagen er stengt
Mai	Planleggingsdag fredag 7. mai, barnehagen er stengt
Juni	
Juli	Barnehagen er stengt i veke 28 og 29., 12. – 23. juli
August	Siste dag for barna dette barnehageåret er fredag 30. juli. Nytt barnehageår startar 1. august, oppstart mandag 2. august



- du finn oss i skog,
mark og fjøre, uansett føre!

Progresjon i barnehagen - alle barn skal utvikle seg, lære og oppleve framgang

Fagområder	1 - 2 - ÅR	2 - 4 ÅR	3 - 5 ÅR	5 - 6 ÅR
Kommunikasjon, språk og tekst - «Tidleg og god språkstimulering er ein viktig del av barnehageinnhaldet»	Verbalt og nonverbalt språk. Den vaksne som språkmodell, rim og rytme.	2-3 ordsytringar, betre artikulasjon, høgtlesing, eventyr, rim og regler.	Lytte, vente på tur, bruke ord og føre samtale.	Gjenfortelje, beskrive, begynnande interesse for å skrive.
Kropp, rørsle, mat og helse - «Gjennom kroppsleg aktivitet lærer barna verda og seg sjølv å kjenne»	Bli kjent med kroppen og få positiv sjølvoppfatning.	Meistre på- og avkledning, øve opp kroppskontroll.	Vurdere og meistre risikofylt leik, finmotorikken veks.	Kunnskap om menneskekroppen, eigne og andre sine grense, sunt kosthald.
Kunst, kultur og kreativitet - «Å vere saman om kulturelle opplevingar eller skape noko felles, bidreg til å høyre saman»	Kjennskap til og kunne uttrykke seg gjennom forming, musikk, dans og drama.	Bli kjent med ulike uttrykksformer i forming, teater, musikk,...	Barna dramatiserer, uttrykker seg og formidlar gjennom kunst, kultur og estetik.	Utviklar evne til å bearbeide og kommunisere sine uttrykk gjennom skapande verksemd.
Natur, miljø og teknologi - «Naturen gir rom for eit mangfald av opplevingar og aktivitetar til alle årstider og i alt slags ver»	Få positive opplevingar i og om naturen, i alt slags ver.	Lære seg gode haldningar og respekt for naturen. Ta i bruk digitale verkty.	Begynnande kjennskap til naturen og menneskets livssyklus. Kunne bruke tilgjengelig teknologi.	Begynnande forståing for omgrepet "bærekraftig utvikling" og menneskets samspel med naturen.
Mengd, rom og form - «Gjennom leik, eksperimentering og kvardagsaktivitetar utviklar barna sin grunnleggjande matematisk kompetanse»	Få forståing for samanheng mellom nære ting.	Utforske og oppdage matematikk i dagleglivet.	Oppdage og bli kjent med mønster, former og matematiske omgrep i dagleglivet.	Talrekka, motsette omgrep (størst-minst) og bli kjent med måleiningar.
Etikk, religion og filosofi - «Etikk, religion og filosofi er med på å forme korleis vi oppfattar verda og menneska, og pregar verdar, normer og haldningar»	Opplere seg sett hørt og forstått.	Meistre og finne glede i samvær og samspel med andre.	Respektare andre, hevde seg sjølv og eigne behov.	Formulere spørsmål, lytte til andre, reflektere og finne svar.
Nærmiljø og samfunn - «Barnehagen skal bidra til at barna møter verda utanfor familien med tillit og undring»	Lære namn på seg sjølv og få oversikt over kven som er i familien.	Få betre oversikt over familien og nærmiljøet.	Namn på familiemedlemmar, plassere barnehagen i nærmiljøet og begynnande forståing for eiga plassering i fellesskapet.	Plassere seg sjølv i heimemiljøet og i nærmiljøet, samfunnet og verden.